vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

23.11.2018

GAN3004 Gartnerverksemda / Gartnerbedriften

**Programområde:** Gartnernæring

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | Det blir lagt til grunn at kandidaten viser ein heilskapleg kunnskap og kan konkludere, vurdere og setje kunnskapen inn i ein samanheng utan **direkte** gjengiving og **oppramsing** frå faglitteraturen. |
| **Andre opplysningar** | I denne oppgåva vil det bli lagt særleg vekt på graden av måloppnåing i forhold til desse kompetansemåla:<br>• planleggje og gjennomføre og vurdere ein gartnarrelatert produksjon og utarbeide eit system for dokumentasjon og kvalitetskontroll i samsvar med gjeldande regelverk og standardar<br>• foreslå nye gartnarprodukt baserte på lokale naturressursar og vurdere moglegheiter for etablering av ny verksemd i samsvar med gjeldande regelverk, etiske og økologiske prinsipp<br>• gjere greie for plikter og rettar som arbeidstakarar har<br>• utarbeide anbod i samband med enkle arbeidsoppdrag i gartnarproduksjon |

## Oppgåve 1

a. Kva for ulike selskaps- og samarbeidsformer kan vere aktuelle for ei gartneribedrift, og kva kjenneteiknar desse formene?

b. Dersom du skulle starte ei bedrift eller ein produksjon, kva for selskaps- eller samarbeidsform ville du ha valt? Grunngi svaret.

c. Kva for pålagde plikter følgjer det med å drive eiga bedrift?

## Oppgåve 2

Kva for merkeordningar og sertifiseringar kan det vere aktuelt å vurdere for ei gartneribedrift?

## Oppgåve 3

a. Lag ein produksjonsplan for solbærsorten Ben Tron fram til sal i eit hagesenter.

b. På kva måte vil du kontrollere og bruke gjeldande regelverk for kvalitetsstandard for denne vara?

## Oppgåve 4

Eit gartnarfirma skal levere eit anbod på planting av eit buskfelt i eit bustadområde. Sjefen har berekna at det vil gå med materiale for kr 35 000 u/mva., og han reknar med at arbeidet vil ta 60 timar totalt. Han set ein av gartnarane sine på jobben og kalkulerer med ein timepris på kr 235 totalt. Tidlegare har han berekna driftskostnadene til 60 prosent og fortenesta til 15 prosent.

Berekn og gi eit pristilbod inkl. mva. til eigaren. Gjer ei vurdering av kva for uventa faktorar som kan dukke opp og føre til at det økonomiske biletet for gartnarfirmaet blir annleis.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Det legges til grunn at kandidaten viser en helhetskunnskap og kan konkludere, vurdere og sette kunnskapen inn i en sammenheng uten **direkte** gjengivelse og **oppramsing** fra faglitteraturen. |
| **Andre opplysninger** | I denne oppgaven vil det bli lagt særlig vekt på grad av måloppnåelse i forhold til disse kompetansemålene:<br>• planlegge og gjennomføre og vurdere en gartnerrelatert produksjon og utarbeide et system for dokumentasjon og kvalitetskontroll i samsvar med gjeldende regelverk og standarder<br>• foreslå nye gartnerprodukt basert på lokale naturressurser og vurdere muligheter for etablering av ny virksomhet i samsvar med gjeldende regelverk, etiske og økologiske prinsipper<br>• gjøre rede for plikter og rettigheter som arbeidstakere og arbeidsgivere har<br>• utarbeide anbud i forbindelse med enkle arbeidsoppdrag i gartnerproduksjon |

## Oppgave 1

a. Hvilke ulike selskaps- og samarbeidsformer kan være aktuelle for en gartneribedrift, og hva kjennetegner disse formene?

b. Dersom du skulle starte en bedrift eller produksjon, hvilken selskaps- eller samarbeidsform ville du valgt? Begrunn svaret.

c. Hvilke pålagte plikter følger det med å drive egen bedrift?

## Oppgave 2

Hvilke merkeordninger og sertifiseringer kan det være aktuelt å vurdere for en gartneribedrift?

## Oppgave 3

a. Lag en produksjonsplan for solbærsorten Ben Tron fram til salg i et hagesenter.

b. På hvilken måte vil du kontrollere og bruke gjeldende regelverk for kvalitetsstandard for denne varen?

## Oppgave 4

Et gartnerfirma skal levere et anbud på beplantning av et buskfelt i et boligområde. Sjefen har beregnet at det vil gå med materialer for kr 35 000 u/mva., og han regner med at arbeidet vil ta 60 timer totalt. Han setter en av gartnerne sine på jobben og kalkulerer med en timepris på kr 235 totalt. Tidligere har han beregnet driftskostnadene til 60 prosent og fortjenesten til 15 prosent.

Beregn og gi et pristilbud inkl. mva. til eieren. Gjør en vurdering av hvilke uforutsette faktorer som kan dukke opp og føre til at det økonomiske bildet for gartnerfirmaet blir annerledes.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap